

## Valldal Idrettslag Kontrollutvalget

### Årsmelding 2021

Med bakgrunn i NIF si lov § 2-12 og VIL si lov §22, gir vi følgende årsmelding om drift og rekneskapsåret 2021 i Valldal Idrettslag.

Lars Petter Hauge har vore kontrollutvalget (KU) sin kontaktperson i VIL. Noko vi synes har fungert bra.

KU har fått innkalling og vedlegg til dette årsmøtet.

I år som i fjor så er tida mellom styremøte som behandlar dokumenta og sjølve årsmøtet for kort til at vi kan gjere eit arbeid som tilfredsstillar NIF sine krav.

Etter KU vurdering vert VIL drive etter gjeldande lover og reglar i NIF og VIL .

Forvaltning og økonomistyring er på eit akseptabelt nivå. KU tilrår at årsmøtet godkjenner VIL sin rekneskap for 2021.

Som nevnt i årsmeldinga frå Hovedlaget så har aktiviteten vore begrensa av m.a. koronarestriksjonar og sjukdom. Det samme gjeld nok for dugnad:

I tillegg til opprydding hoppbakkar, stadion osv;

Fotball: Innbyttarbenk nr2 skulle byggast i 2021 (Den er ikkje vidareført/nevnt i arbeidsplan for 2022).

Etter KU si vurdering har styret gjennomført det årsmøtet i VIL i 2021 hadde vedteke i den grad ein kan forvente i den langvarige koronatida.

KU har hatt 4 møter i driftsåret. Vi har ført protokoll over møta som vert levert til arkivering saman med NIF si sjekklister med våre merknadar.

Valldal 23.03.22

Lars Tomas Bersås

Marius Høghjelle